

Gjemnes kommune
Nordmørsvegen 24
6631 Batnfjordsøra

25.03.2020

post@gjemnes.kommune.no

Høring – framlegg til planprogram for kommunedelplanen for Batnfjordsøra, «Sentrumsplanen»

Formannskapet i Gjemnes kommune har gjort vedtak om at framlegg til planprogram for kommunedelplanen for Batnfjordsøra, «Sentrumsplanen», skal sendast på høring og leggjast ut til offentlig ettersyn.

Planprogrammet skal visa korleis prosessen er tenkt gjennomført for at ein skal koma fram til ein ferdig kommunedelplanen. Målet med planprogrammet er å leggja til rette for ein open diskusjon om kva premisser og rammer som skal vera styrande for planarbeidet og kva utredningar som skal lagast. Planprogrammet skal som minimum ha ein omtale av følgjande: a) målet med planarbeidet, b) informasjon om planprosessen med fristar og deltakarar, c) opplegg for medverknad, d) omtale av kva alternativ som vil bli vurdert, e) kva utgreiingar som trengst.

Vi har følgjande kommentarar:

- 1) Ut frå at landbruk er eit såpass viktig næringsgrunnlag i kommunen saknar vi god argumentasjon for kvifor så stort areal er tenkt disponert.
- 2) Klima- og beredskapsomsyn tilseier dyrka jord ikkje bør omdisponerast. Vi saknar gode argument for den omlegginga som det her blir lagt opp til.
- 3) Vi meiner at planområdet er altfor stort og at dette er i strid med FN's bærekraftmål.
- 4) Vi saknar ein strategi for fortetting og gjenbruk av eksisterande utbygd areal.
- 5) Som grunnlag for den vidare prosessen er det behov for å visa verdien av den sentrumsnære jorda i matproduksjonssamanheng, inkludert jordkvalitet og kva verdiar jorda for øvrig har.
- 6) Som eit grunnlag for den vidare prosessen bør det også koma fram at omfanget av dyrka areal i Gjemnes er redusert med over 1000 da i løpet av dei siste 10 åra. Gjemnes er ein landbrukskommune og kan ikkje halda fram med å mista grunnlaget for matproduksjon på denne måten.

Våre kommentarar er basert på følgjande:

1) Regionalt jordvernsmål

Vi erfarer at det ofte blir tatt for lett på utfordringa som ligg i å unngå nedbygging av dyrka og dyrkbart areal. Nedbygging av areal er langt på veg ein irreversibel prosess og ei stor utfordring både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. I 2015 vedtok Stortinget *nasjonal jordvernstrategi*, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017 *Landbruksmeldinga for Møre og*

Romsdal 2017 – 2021, der det heiter at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative andel av dette, med ca 200 da pr år.

2) Nasjonal jordvernstrategi

Vi viser til brev frå landbruks- og matministeren til kommunane av 1.10.2018.

Her blir det m.a. vist til *revidert nasjonal jordvernstrategi*, der målet er at omdisponeringa av dyrka jord må ytterlegare reduserast. Vidare heiter det m.a. at *landbrukets arealressursar generelt må sikrast* og at det må gjerast konkrete vurderingar i forhold til jordvern i kvar reguleringssak. Det må m.a. gjerast vurderingar i forhold til verdi, konsekvensar og overordna planar.

3) Ingen automatikk i utviding av eksisterande utbygd areal

Fleire stader er det klar konflikt mellom jordvern og andre samfunnsomsyn, t.d.

bustadføremaal. Vi vil i denne samanhengen peika på at det ikkje må vera automatikk i at eksisterande bustadareal skal kunne utvidast. Vi vil særleg peika på at ein del eksisterande bustadområde ikkje burde ha blitt utbygd. Då vil det vera heilt feil å halda fram med denne utbygginga. Det er viktig å vurdere langsiktige og indirekte verknader for arealbruk og klima dersom det vert opna for utbygging.

4) Matjord er verna

Gjennom Jordlova, og ikkje minst i dagens diskusjon om miljø og klima, vert det lagt stor vekt på at dyrka og dyrkbart areal er ein ressurs for matproduksjon og miljø for framtidige generasjonar. I den lokale diskusjonen om arealbruk vert det imidlertid ofte trekt fram argument som t.d. at jord ikkje blir hausta eller at situasjonen til dei som eig jorda tilseier at jorda bør kunne takast i bruk til andre formål. Til dette må vi klart understreka at matjord er verna og skal vera ein mat- og klimaressurs for framtidige generasjonar. Eigarforhold og personleg situasjon skal ikkje takast i betraktning i planleggingsprosessar.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen